

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule

Tidspunkt:	Måndag 08.11.21 SU kl. 18:00-20:00	Stad:	Digitalt møte på Teams
Desse var kalla inn:			
Anette Johansen Arslan	Foreldrerådet, leiar FAU		
Christine Brogstad	Foreldrerådet, nestleiar FAU		
Lisbeth Kvalheim	Undervisningspersonalet		
Ingvild Langeland Tellnes	Undervisningspersonalet (meldt avbod)		
Monica H. Sæle	Andre tilsette		
Hege Misje	Kommunal representant, politisk (meldt avbod)		
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor		
Sak nr.			
1-21/22	Konstituering av SU og møteplan 2021-2022: Leiar: Lisbeth Kvalheim Nestleiar: Christine Brogstad Vi gjennomfører SU/SMU-møtene måndagar kl. 18:00-20:00 etter denne planen: <ul style="list-style-type: none">• 16.09 SU (jobba med høyrings svar vedr. kringsgrenser)• 08.11 SU• 17.01 SMU/SU• 14.03 SU• 02.05 SMU/SU Rektor sender innkalling til møtedeltakarane.		
2-21/22	Saker frå FAU: Vi las referatet frå FAU-møte 03.11. FAU skal gjennomføre fleire ulike arrangement gjennom skuleåret, hovudaktiviteten er disco og bingo. Skulen kan sende ut informasjon om arrangement via Transponder.		

	<p>FAU har fått spørsmål om 6. trinn får att den symjeundervisninga dei mista grunna pandemi? Denne hausten er det 4. trinn som har symjeundervisning, så skulen vil jobbe for at vi får gjennomført symjeundervisning for 6. trinn våren 2022. Det vil krevje at vi får tildelt litt meir bassengtid til våren.</p> <p>FAU har oppretta ei 17.mai-komitè med føresette frå 3. og 5. trinn, som skal førebu feiring. FAU finn ikkje att permen der alt rundt tidlegare 17. mai-arrangementet er samla. Ein har fått noko informasjon frå gruppa som arrangerte i 2016, men ikkje frå åra 2017-2019. Dei to siste åra har vi hatt 17. mai-arrangement i skulen sin regi grunna pandemi. FAU-leiar har sjekka med ein del tidlegare FAU-representantar, men utan at permen er komen til rette. Skulen ved Monica skal sjekke nokre lagerrom på skulen for å vere heilt sikker på at den ikkje ligg der.</p>
<p>3-21/22</p>	<p>Status i sak - vurdering endring av kringsgrenser:</p> <p>Viser til sak vi har drøfta tidlegare: «kommunestyret ber om at det vert lagt fram sak som vurderer justering av kringsgrensene i lys av skulestrukturen i nordre del av den nye kommunen. Prosessen må følgje forvaltningslova sine krav til høyringsrunde før vedtak. Øyene Misje og Turøy har kort avstand til Toftøy skule. Toftøy skule har ledig kapasitet. Ågotnes og Landro er eit område med høg folkevekst».</p> <p>Både elevrådet, SU og FAU ved Landro skule har levert inn høyringssvar i saka. Alle desse høyringssvara argumenterer sterkt for at det ikkje bør gjerast endringar i kringsgrenser for bygdene Turøy og Misje. Det er mange vektige grunnar til det, ikkje minst at desse bygdene mista nærskulen sin for få år tilbake.</p> <p>Saka har vore til handsaming både i utval for tenester og levekår, samt i formannskapet. Endeleg handsaming skulle gjennomførast i kommunestyremøte 04.11.21, men der valte fleirtalet å utsetje saka. Dei meinte at den må sjåast på i ein større samanheng, og kva som vil vere behovet for eit større område når det gjeld kapasitet og kringsgrenser.</p>
<p>4-21/22</p>	<p>Julekonsert</p> <p>14.12 inviterer skulen føresette til julekonsert, ein konsert for 1.-3. trinn og ein konsert for 4.-7. trinn. FAU har spurt om dei kan få selje kaffi og kake til føresette i forkant av konserten. Etter lang tid utan arrangement er det lite pengar i FAU-kassa, og dette kan bidra med litt inntekter. SU er positive til dette tiltaket. Vi drøfta og er einige om at vi treng meir en 30 minutt mellom kvar konsert om organiseringa skal fungere bra. Forslag frå SU er konsertstart klokka 17:00 for 1.-3. trinn og klokka 19:00 for 4.-7. trinn. Teamleiarane orienterer om dette/drøftar på teammøte.</p>
<p>5-21/22</p>	<p>Informasjon frå administrasjon</p> <p>I lokalavisa kan ein for tida lese mykje om kommuneøkonomi, innkjøpsstopp og andre oppslag som gir eit negativt bilete på status i</p>

skulen. Alle skular må ta omsyn til den situasjonen vi er i med tanke på kommuneøkonomi, og vi prioriterer berre naudsynte innkjøp. Vi må ha det som er naudsynt for å kunne drive undervisning i dei ulike faga, og elles må vi prioritere det som krevst for å drive forsvarleg.

Den siste tida har vi hatt nokre smittetilfelle (covid-19) ved skulen. Vi følgjer til ei kvar tid gjeldande reglar. Alle nærkontaktar har fått eigen melding om retningslinjer og kva ein skal gjere, men vi har ikkje gått ut med informasjon til alle føresette. Om det oppstår meir smitte kan vi sende ut informasjon til alle om kva som er viktig at vi alle tenkjer på for å avgrense smitte. Slik generell informasjon har vi også sendt ut tidlegare.

Vi avslutta møtet med å ha ein kort gjennomgang av ulike saker som elevrådet har meldt inn og er opptekne av. Elevrådskontakt vil ta fleire saker frå elevrådet med til drøfting og konklusjon på teammøte. Eit spørsmål elevane har spelt inn, er om det er mogleg å byggje nokre «leikeapparat» i skogen? Foreldrerepresentantane spør om dette er noko føresette kan utføre på dugnad? Denne saka skal vi drøfte vidare på neste møte. Vi må sjekke meir kva reglar som gjeld for leikeapparat i skulegarden då det er ganske strenge retningslinjer med tanke på HMS.

Referent:
Anita Vabø
Rektor